

Innspel til planarbeidet for ny skulebruksplan frå SU ved Sagstad skule

Innspel frå SU/FAU ved Sagstad skule

- Skulebruksplanen må baserast på forskingsbaserte kriteria.
- Representanter frå dei ulike skulane må få anledning til å delta i planarbeidet.
- Su ved Sagstad skule vektlegg at alle elevar må ha overkommeleg reiseveg, og ynskjer at planprogrammet definerer kva som er rimeleg reiseveg (dør-til-dør).
- Hovudmålet for Alverskulen må vere god kvalitet for alle elevar og lærarar.
- Skulen må vere ein arena der både lærarar og elevar får bruk det fulle potensialet sitt for læring og utvikling.
- Skulebruksplanen må sikre ein skulestruktur som sørger for at alle har eit fellesskap rundt seg som fører til både individuell og kollektiv læring og utvikling.
- Skulebruksplanen må legge til rette for ein skule som fremmar trivsel og mangfald.
- Skulebruksplanen må legge til rette for ein mest mogeleg lik skulekvardag for alle elevar i Alver kommune.
- Skulebruksplanen må sikre at alle elevar i størst mogeleg grad får like god lærartettleik og moglegheit for oppfølging.

Kontekst

Reisetid

Det må sikrast samsvar mellom reisetid for elevar som går og elevar som tar buss. Med andre ord elevar som har meir eller mindre enn 4 km til skulen. (2 for fyrsteklassingar). Det er føresette som avgjer, men Trygg Trafikk anbefaler at barn under 10 år går til skulen. Difor bør det takast utgangspunkt i reisetida til barn som går. Det må vere rimeleg å forvente at barn som tar buss kan ha tilsvarande reisetid. Det bør derfor takast utgangspunkt i reisetid frå dør til dør og ikkje avstand.

Fagleg kvalitet, trivsel og læring

Skolen skal være et profesjonsfaglig fellesskap der lærere, ledere og andre ansatte reflekterer over felles verdier, og vurderer og videreutvikler sin praksis (kunskapsløftet 2020, overordna del, profesjonsfellesskap og skoleutvikling).

Skulebruksplanen må sikre at alle skular har eit fagleg forsvarleg profesjonsfellesskap med rom for ulike meningar, og sikre utvikling og samarbeid hos lærarane. Utvikling skjer når menneske med ulike erfaringar samarbeider og lærer av kvarandre. Skulebruksplanen må difor bidra til at ingen rektor eller lærar blir ståande åleine i kvardagen med ansvar for utviklingsarbeid, arbeid på trinn eller i ei klasse. Planen må også bidra til å sikre ein mest mogeleg lik skulekvardag for alle elevar i Alver kommune, slik at alle elevane får like god lærartettheit og mogelegheit for oppfølging.

I følgje Thomas Nordahl sin rapport om skulestorleik og samanhengar med elevane sin trivsel og læring (Nordahl, 2022) konkluderer han med at skulestorleik isolert sett har relativt lita betydning for både kvalitet, trivsel og læring. Likevel ser det ut til å vere hensiktsmessig at skulane er av ein viss storleik. I følgje rapporten er ideell skulestorleik for best mogeleg læringsutbytte mellom 500 – 700 elevar i barneskulen. Rapporten påpeikar at når det gjeld trivsel er det ein svak tendens til at elevar i 1. – 4. klasse på skular med mindre enn 150 elevar rapporterer noko lågare trivsel enn på dei største skulane, men forskjellane er minimale.

Vidare poengterer Nordahl (2022) at lærarar som gjennom sin pedagogiske praksis har tydelege forventningar til elevane, samtidig som dei gir nødvendig støtte, hjelp og bidreg til at alle elevane får realisert potensialet sitt både fagleg og sosialt, er viktige faktorar som fremmar kvalitet. Desse lærarane har saman med andre ei kollektiv oppfatning av at dei gjennom samarbeid skal lukkast med elevgruppa dei har. Det kollektive aspektet handlar om at kvalitet i skulen er avhengig av ny kunnskap, nye erfaringar og eit godt samarbeid mellom lærarane og mellom lærarane og leiinga. Det blir veklagt at skulekulturen treng å bli utfordra og få innspel utanfrå.

Det bør satsast på den pedagogiske kvaliteten i skulen meir enn skulestorleik. På eigarnivå betyr det å rekruttere dyktige lærarar og sørge for at dei blir i skulen og kommunen. Det må også vere ei systematisk skuleutvikling og kollektiv kompetanseheving av lærarar, leiarar og andre tilsette.

En overdreven vektlegging av rammebettingelser som skolestruktur og skolestørrelse og manglende beslutninger om dette, vil lett innebære forstyrrelser og distraksjoner i skolenes og lærerenes arbeid (Nordahl, 2022, s. 26)

Litteraturliste

- Nordahl, T. (2022). Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring.
Skriftserien (9). <https://www.utdanningsnytt.no/files/2022/09/22/Nordahl-rapport-Skolestørrelse-og-sammenheng-med-elevenes-trivsel-og-laering.pdf>
- Regjeringen. (2017). *Kunnskapsløftet(LK20)*. Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet.
<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>